


100 år sidan Jostedalen fekk telefon

Tekst: Oddmund L. Hoel



Første sida av telefonoppropet 21. mars 1913 som vart underskrive av heile 86 prosent av alle kvinner og menn over 25 år i Jostedalen. (Kjelde: Stortingsarkivet.)

Det var ein merkedag då den fyrste telefonstasjonen i Jostedalen opna i Sperløyane fredag 13. november 1914. For fyrste gong i saga kunne meldingar kome raskare inn og ut av dalen enn den tida det tok å gå eller køyre med hest. Jostedølene hadde då kjempa i mest 20 år for å få telefonsamband, og det skulle enno gå fleire tiår før utbygginga var fullført.

IKKJE TELEFON I 1890-ÅRA

Telefonen kom i bruk i USA sist i 1870-åra. Frå før fanst telegrafene som gjorde det mogleg å sende meldingar med elektriske impulsar (morsealfabetet), men med telefonen vart det mogleg å snakke gjennom lina. I 1880-åra vart private telefonnett og liner bygde, i 1889 Voss-Gudvangen og i 1892 Voss-Vik og eit nett på Leikanger. Det fyrste me høyrer om telefonsaka i Jostedalen, var eit møte i Marifjøra 4. desember 1892. I ein freistnad på å få til ei privat telefonutbygging



Skiltet som hang på Jostedal stasjon.

i området vart det sett ned lokale komitéar, og arbeidskomitéen for Jostedalen var sokneprest Theodor Børresen, lensmann Hermund Tvedt, sersjant Melchior Yttri, gardbrukar Ole Skjæret og hotelleigar Rasmus Faaberg. Men det heile rann ut i sanda.

Seinare i 1890-åra kom det store gjennombrotet etter at staten sette seg føre å binde landet saman gjennom eit rikstelefonnett. Den gamle telegraflina Oslo–Bergen gjennom Lærdal vart rusta opp til telefonline, og Telegrafvesenet bygde ei telefonline frå Lærdal til Sogndal og vidare til Leikanger og Balestrand (1896–97).

Neste steg var ei telefonline frå Sogndal over Hafslo til Skjolden. Det store spørsmålet var om ei sideline Gaupne–Jostedalen òg skulle vere med i denne utbygginga. Då saka var oppe i fylkestinget sommaren 1896, vart telefonanlegget Sogndal–Skjolden–Jostedalen prioritert nest høgast i fylket (etter Lærdal–Årdal). Telefonsaka kom fyrste gong opp i kommunestyret i Jostedalen i desember 1896 etter at telegrafinspektøren i Bergen hadde vendt seg til kommunane for å få avklart den økonomiske medverknaden. Jostedal kommune måtte garantere for grunn til lina, telefonstolpar, lokale, lys og brensel til telefonstasjonane i ti år. Kommunestyret sa ja til alt bortsett frå å stille med stolpane. Me tek med grunningvinga til kommunestyret (2.1.1897):

Herredsstyrelsen er fuldt opmærksom paa den store Betydning en Telefonlinje gennem Dalen vil faa og skal man specielt nævne Lægehjælp i farlige Sygdomstilfælde for et saa afsides District som dette, hvor der nu i heldigste Tilfælde medgaar 12 Timer inden Lægen under nuværende

Omstendigheder kan komme tilstede, dernæst skal man ogsaa paapege Turisttrafikken. Men paa Grund af de økonomiske Vanskeligheder dette lille – med en Matrikkelskyld af kun 137 Mark, for Tiden lider under, paadraget med Opoffrelse til Store Veibygninger og Opførelse af Skolehuse, vover man ikke nu at gaa til en for et saalidet fattigt District som dette betydelige Bevilgning som at levere Stolper til omhandlede Telefonlinje, som for det offentlige ikke vil gjøre synderligt Skaar.

Kommunen hadde fylkestinget sitt vedtak i ryggen på at Jostedalen skulle vere med på lustrautbygginga, men så enkelt var det ikkje. Då regjeringa i 1897 kom med framlegget til den vidare telefonutbygging i landet, var ikkje sidelina til Jostedalen med. Ordførar Kristen A. Ormbergstøl skreiv til stortingsmann Fredrik Fraas frå Hafslo og fekk han til å ta opp saka, men Stortinget vart ståande på det som regjeringa hadde uttrykt slik i budsjettframlegget: «Hvorvidt Linjen fremtidig bør forlænges til Jostedalen er et Spørgsmaal, som først senere antages at burde optages til Behandling i Forbindelse med andre dermed ligestillede Krav.» Med andre ord vart dei meir sentrale og folkerike bygdene prioriterte fyrst. Dermed bygde staten telefonline til Solvorn, Hafslo, Marifjøra, Gaupne, Høyheimsvik, Dale og Skjolden der det vart opna rikstelefonstasjonar mai–juli 1899.

UNDERSKRIFTSAKSJON OG LØYVING

Frå heile landet og heile fylket hagla krava om utbygging av telefonnett. Sommaren 1908 tok fylkestinget på nytt opp telefonsaka, og i Sogn fekk linene Sogndal–Fjærland og Gaupne–Jostedalen høgast prioritet av

fylket. Kommunestyret kravde i oktober 1907 endå ein gong at telefonanlegget Gaupne–Jostedalen måtte «komme til utførelse snarest muligst».

Tre nye år gjekk utan at noko hende, og i 1910 etterlyste stortingsmann Sjur Næss (Venstre) frå Luster saka i Stortinget. Jostedalslina figurerte no på ei lang liste i Telegrafvesenet over anlegg som burde byggjast, og telegrafinspektøren for Bergen krets (Vestlandet) skreiv til kommunestyret i Jostedalen 24. september 1910 for å få stadfesta kommunegarantien. Stortinget hadde i 1897 vedteke standardkrav til kommunane, og i tråd med dette gjentok kommunen garantien om å stille med lokale, lys, oppvarming, reiniging og godkjent personale til dei fire planlagde stasjonane i fem år. Kommunen garanterte òg for bodteneste og grunn og skogrydding til linetraséen. No var det ikkje lenger snakk om å stille med stolpar.

Men planar er ein ting, løyvingar noko anna. Regjeringa og Stortinget sette ikkje av midlar til anlegget i 1911, og heller ikkje i 1912. Stortingsmann Næss skreiv eit nytt og skarpt brev til Stortinget våren 1912 med framlegg om ei løyving på 15 000 kr utan å nå fram. Endeleg hadde så Telegrafvesenet med jostedalslina på anleggsbudsjettet sitt for 1913–14, men no kom nest kalddusj: I framlegget til statsbudsjett for 1913–14 som kom i januar 1913, hadde regjeringa skore ned på ramma og teke ut jostedalsanlegget.

No var det for lengst slutt på tolmoda i Jostedalen. Ein underskriftsaksjon vart sett i gang med krav om telefonutbygging, og på nokre veker skredvinteren 1913 skreiv heile 344 menn og kvinner

24. Telefonanlæg Gaupne—Jostedalen

I den plan som Nordre Bergenhus amts amtsting i 1908 opsatte for telefonbygning inden amtet er linjen til Jostedalen anført at være en av de mest paakrævede. Jostedalen er en av vort lands mest avsidesliggende bygder uten nogensombelst telefonforbindelse. Adkomsten til dalen, hvis øverste gaard ligger over 40 km. fra sjøen og fra nærmeste telefonstation, er meget besværlig, da dertil fører kun en delvis gammel, smal, bakket og daarlig bygget vei. Befolkningen, hvis antal er ca. 1 000, er i økonomisk henseende daarlig stillet og kjæmper trods nøisomhet og stræbsomhet haardt for tilværelsen. Det er utvilsomt at en telefon opover dalen vil bli til stor ophjælp for bygden og til stor lettelse for befolkningen i dens tunge kamp for tilværelsen.

Herredet har avgit sedvanlig garanti for de paa linjen projekterte stationer samt for fri grund og skogrydning.

I henhold hertil tillater man sig at foreslaa opført til bevilgning for terminen 1913—1914 kr. 9 000,00 til paabegyndelse av telefonanlæg fra Gaupne til Jostedalen.

Anlægget er i sin helhet kalkulert til kr. 25 700,00.

Gjennombrøtet: Framlegget til statsbudsjett for 1913–14.

over 25 år i Jostedalen under på oppropet, som vart sendt til Stortinget 21. mars. Då hadde Næss skrive endå eit brev om saka ein måned før. Og endeleg kom gjennombrøtet. Regjeringa gjorde 16. mai framlegg om ei tilleggs-løyving til ei rekkje telefonanlegg i landet, og no fekk lina Gaupne—Jostedalen 9000 kr i startløyving – kostnadsoverslaget var på 25 700 kr. Av løyvinga kom halvparten frå innsparne midlar på telefonanlegget Skjolden—Fortun—Turtagrø. Det vekte elles mykje undring i

Sogn at det vart bygt telefonline til Turtagrø før Jostedalen. Det var like fullt ein viktig dag for Jostedalen då Stortinget 28. juni 1913 samrøystes vedtok løyvinga som trongst for å gå i gang med utbygginga.

Løyvinga hadde nok kome våren 1913 også utan underskriftsaksjonen, men det kunne ikkje jostedølene vite, og 344 underskrifter er eit imponerande tal! Til samanlikning budde det kring 400 personar over 25 år i Jostedalen i 1910,



«Modell 1918», i bruk på Jostedal stasjon frå opninga i 1918.

så heile 86 prosent av alle vaksne skreiv under. Det fyrste stortingsvalet med allmenn røysterett også for kvinner, var i 1915. Då vart det avgjeve 151 røyster i Jostedalen i fyrste valomgang og 328 røyster i andre, som var særst høgt. Valresultatet seier elles sitt. I 1912 fekk Sjur Næss 133 (!) av 135 røyster i Jostedalen. I andre valomgang i 1915 då det stod om å berge stortingsplassen hans, var valdelta-kinga heile 82 prosent, og 319 av 328 røyster i Jostedalen gjekk til Næss! Telefonsaka var nok ein viktig grunn.

KOR LANGT SKAL LINA GÅ?

Etter stortingsvedtaket kom utbygginga raskt i gang. Avisa Sogningen melde optimistisk sist i oktober at «Telefonen til Jostedalen bliver ferdig iaar. Stationer skal opprettes paa Sperleøen, Grimo, Gjerde og Faaberg». Så raskt skulle det likevel ikkje gå, og heilt oppdattert var avisa ikkje. Det var berre løyvt nok pengar til å føre lina fram til Alsmo. Ho var ferdig 15. november, og rikstelefonstasjonen på Alsmo opna 9. desember 1913. Så

var det berre å vente på meir pengar, som kom i 1914 då Stortinget løyvde nye 8700 kr «til anlæggets fortsættelse til Sperle». Dermed kunne arbeidet halde fram. Lina til Sperløyane var ferdig 8. september, og «Sperle rikstelefonstasjon» kom altså i drift 13. november 1914.

Alt i det fyrste vedtaket i 1897 slo kommunestyret fast at det skulle vere telefonstasjon i Sperløyane, og hovudgrunnen var nok at det var skysstasjon her (som på Alsmo) der reisande fekk overnatting og kunne tinge hesteskyss. Sperløyane låg dessutan sentralt i nedre del av bygda, og det kan ha vore medverkande at lensmann Hermund Tvedt og jordmora Anna Tvedt budde her. Den fyrste telefonstyraren i Sperløyane og i Jostedalen i det heile, vart svigersonen til Tvedt, Ole J. Fosøien, som overtok garden i 1913. Kommunestyret vedtok 1. august 1914 at han skulle få 75 kr i året i løn. Kommunen måtte som sagt garantere for drifta av telefonstasjonen og løyste dette ved å setje bort drifta til ein telefonstyrar for ei årleg godtgjersle og ein del av trafikkinntektene mot at han ekspederte telefonen, heldt lokale og bodteneste. Det var ikkje snakk om eigne lokale – telefonen

vart teken inn i stova der telefonstyraren budde.

VIDARE UTBYGGING

Kommunestyret hadde kravd telefonline til Fåberg alt i 1897, og avisene melde altså at det var det Stortinget hadde vedteke i 1913, men så vel var det ikkje. Det anlegget Telegrafvesenet hadde budsjettert, gjekk til «Jostedalen», og det skulle kome for ein dag kvar dét var.

Det neste året (1915) kom ingen pengar på statsbudsjetten, og ordføraren og stortingsrepresentant Næss måtte igjen skrive skarpe brev til Stortinget. I 1916 kom så endeleg 6000 kr «til fullføring av anlegget Gaupne–Jostedalen» attåt nokre innsparne midlar frå Skjolden. Telefonstolpane kom opp framover dalen, 7. august stod lina ferdig, og sjølvaste jolaftan 1918 opna to nye rikstelefonstasjonar: I Sagarøy og på Gjerde. Landhandelen på Grimo (rett over Høgebrui) ville ikkje ha telefonstasjonen, som i staden vart lagd til Bukti der Sjur Bakken hadde overteke bruket og bygt hus i 1913. Dette var like ved kommunehuset på Bruvoll i det vesle kommunesenteret.

Plasseringa i Bukti var ikkje omtvista, det var derimot plasseringa på Gjerde. I fremste Krundalen var dei misnøgde med å få lang veg til telefonen, så Anders J. Grov prøvde i 1916 i siste liten og utan hell å få kommunestyret med på å krevje at stasjonen vart lagd til Kruna. Men det vart Gjerde, og landhandlar Thor Bakken vart telefonstyrar. Stasjonsnamna vart fastsette til «Gjerdet i Jostedal» og «Jostedal». Kommunestyret ville fyrst ha «Sagerøy», men gjekk med på «Jostedal» etter framlegg frå telegrafinspektøren i Bergen som ville ha same namn som på postkontoret like ved.

Dermed var utbygginga ved vegg ende for denne gongen, i tråd med staten sin plan, utan at det var kome telefon til Fåberg eller Krundalen. Det skulle gå ti år før det skjedde meir med den vidare telefonutbygginga. Men ved årsskiftet 1929/30 var det klart at Telegrafvesenet la planar for å utvide lina, og kommunestyret avgjorde kvar stasjonane burde liggje og garantere for den vanlege kommunale medverknaden. Statsløyvinga kom i 1934, og 28. november opna rikstelefonstasjonane på Grov og i Fåberg. Desse to namna var nytta som stasjonsnamn andre stader i landet, så kommunestyret tilrådde «Krundal» og nyskapinga «Fåbergdal». På Myklemyr hadde oppsitjarane kravd telefonstasjon alt i 1913 då lina vart bygd rett forbi dei. I 1934 nådde dei endeleg fram med kravet, så same dato – 28. november – opna òg «Myklemyr rikstelefonstasjon».

TELEFONEN I BRUK

Det som i dag vert hugsa av dei gamle telefonstasjonane, var ein stad der telefonsamtalar frå abonnentane på gardane vart kopla saman på eit sentralbord. Men i byrjinga fanst ikkje telefonapparat



Sverre og Solveig Tvedt framfor gamlestova i Sperløyane der Sperle telefonstasjon heldt til frå 1914 til automatiseringa i 1978. Dei to har mange timars telefoneneste bak seg, Sverre heilt frå gutedagane.

i heimane. I mange bygder, særleg på Vestlandet og i Nord-Noreg, tok det lang tid før abonnentar vart knytte til telefonstasjonane gjennom lokalnett. Dei einaste telefonabonnentane i 1921 var Jostedalens Handelsforening og Sperle Handelsforening. På same tida vart det òg lagt inn telefon i prestegarden. Abonnentar i 1940 var Jostedalsbreens hotell, Fossøy Handelslag, Jostedal Samvirkelag, Jostedalens Handelsforening, tidlegare lensmann Lars Stølen, jordmor Anbjørg Austin, Jostedal prestegard og lensmann Anders Fosøen. I 1947 var det framleis berre 13 abonnentar i heile Jostedalen. Stasjonane Krundal og Fåbergdal hadde ingen, Gjerde hadde éin, Jostedal hadde fem, Myklemyr fire og Sperle tre.

Den som ville ringje, måtte såleis oppsøkje telefonstasjonen. Den som ville ha tak i nokon i Jostedalen, måtte ringje telefonstasjonen, få sendt bod etter vedkomande og avtale eit tidspunkt for samtalen. Det låg difor til drifta av ein telefonstasjon å ha bod som kunne sendast ut på gardane med telegram eller meldingar om telefonar. Det var ofte ein jobb for ungane i huslyden som hadde telefonstasjonen. Sverre Tvedt fortel at bestefar hans måtte «gå bud» heilt frå Sperløyane til Fåberg. Sverre gjekk sjølv bod i oppveksten på 50-talet. Det lengste var då til Halveg der dei fekk 2 kr, elles fekk dei 1 kr. Også Vigdalen sokna til Sperle stasjon, frå 1934 til Myklemyr stasjon. Dei som snakka i telefonen, måtte stå inne i stova på telefonstasjonen der apparatet var, midt mellom alle som budde der. Etter kvart kom det ein eigen skranke i Sperløyane der ein kunne få stå i fred.

Telefonstyrarane var oftast menn, både i Jostedalen og andre stader: Ole J. Fosøen (1914) og seinare

Simon Tvedt (1918) i Sperløyane, Sjur Bakken på Jostedal stasjon (1918) og Thor Bakken på Gjerde (1918). Styrarane på dei nye stasjonane frå 1934 var Anders J. Grov på Krundal stasjon på Øvste Grov, Rasmus O. Faaberg på Fåbergdal stasjon i Bjønnheimen og Otto Myklemyr på Myklemyr stasjon i Knippa. Men til dagleg var det gjerne andre i husstanden som tok seg av telefonen, og oftast kvinner – koner, døtrer eller tenestejenter. Telegrafvesenet stilte krav om godkjenning av telefonoperatørane, men det skjedde ikkje alltid. Kommunestyret hadde likevel jamleg saker der «hjelpetjening» på stasjonane vart tilrådd godkjend. Den fyrste kvinna var Gunhild Tvedt ved Sperle rikstelefonstasjon

hausten 1918. Frå 1919 ser Dorthea Bakken ut til formelt å ha vore telefonstyrar på Gjerde.

Det er vanskeleg å vite noko sikkert om kor mykje telefonen vart nytta, men mykje var det ikkje. Statistikken for driftsåret 1920–21 viser at Sperle ekspederte 906 inn- og utgåande samtalar (under 3 per dag i snitt), Gjerde 603 og Jostedal 387. I tillegg kom 331 telegram ved dei tre stasjonane. Den reelle trafikken kan ha vore noko høgare. Telegrafvesenet var på denne tida sterkt uroa over at det var mange «ureglementerte» telefonsamtalar over heile landet, det vil seie samtalar innom bygda som ikkje vart noterte og ikkje vart betalte for.

Jostedal.

Hverd. 9—13, 16—19½, søn- og helligdage 8—10.

Gjerdet i Jostedal.

Hverd. 9—13, 16—19½, søn- og helligdage 8—10.

Sperle (Jostedal).

Hverd. 9—13, 16—19½, søn- og helligdage 8—10.

*Jostedalens Handelsforening.
Sperle Handelsforening.*

Gjennombrøtet for telefonen utover på gardane kom i 1960- og 70-åra. I 60-åra vart òg Fåbergdal, Jostedal, Krundal og Myklemyr stasjonar nedlagde slik at ein stod att med Sperle og Gjerde. I 1960 var det eit førtitals abonnentar i Jostedalen, i 1970 var det 81 (Gjerde 46 og Sperle 35), og berre sju år seinare var dette talet dobla. Den 30. juni 1978 var det slutt. Då vart dei to manuelle stasjonane nedlagde og to automatiske stasjonar opna. Bua til automatstasjonen «Gjerde» er framleis i bruk i byggjefeltet medan automatstasjonen «Sperle» som ikkje ligg i Sperla, men ved vegen nedom Fossen, fekk ei ny bu i 1980-åra.

FRÅ JARNTRÅD TIL FIBER

Minnnet etter den fyrste telefonutbygginga er framleis synleg når ein køyrer framover dalen.

Linetraséen ligg der han låg, og det same gjer fem av dei seks stovene som hysa telefonstasjonane – i Knippa, Sperløyane, Bukti, på Gjerde og på Øvste Grov. For oss som har heile verda på telefonen i lomma, er tele-røyndomen i 1914 svært langt unna. Men den politiske røyndomen er slåande lik. Strevet i vår tid for fiberutbygging, fleire og betre basestasjonar på mobilnettet og full dekning på det digitale fjernsynsbakkenettet er som klypt ut av kommunestyreprotokollane og stortingsforhandlingane for hundre år sidan. I grisgrendte strok måtte kommunane òg vere med og betale, då som no. Stortingsmann Sjur Næss tok opp telefonsaka for jostedølene ei rad gonger. Det han sa i 1912 kunne vore sagt om utbygginga av 4G-mobilnettet i dag: «Uagtet befolkningen i Jostedalen er yderst

økonomisk og strebsom, kunde den dog paa grund av mangelfulde kommunikationer ikke greie sig i konkurransen med heldigere stillede distrikter».

KJELDER OG LITTERATUR

- Stortingsforhandlingane 1895–1898 og 1910–1920 (framlegg til statsbudsjett, Telegrafvesenets budsjett, budsjettinnstillingar og stortingsordskifte, digitalisert og søkbar utgåve på <http://www.nb.no/statsmaktene>).
- Nordre Bergenhus amtstings forhandlingar (prenta) 1896 og 1908.
- Møteprotokollar for Jostedal formannskap og kommunestyre 1875–1939 (digital utgåve og sakregister på <http://fylkesarkiv.no>).
- Norges Officielle Statistik: Norges Telegrafvæsen (1913/14–1920/21), Stortingsvalget (1912 og 1915), Folketællingen i Norge 1 desember 1910. Femte hefte (digitale utgaver på ssb.no).
- Opplysningar (munnleg/e-post) frå Sverre og Solveig Tvedt, Elsa Grov, Venke Bakken, Jon Flugheim (Eltel networks), Arve Nordsveen (Norsk Telemuseum), Harald Jarl Runde (telehistorikar) og Per Olav Bøyum (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane).
- Aftenposten, 22.10.1913.
- Bosheim, Oddkjell. (1999). Telekommunikasjon i Indre Sogn det siste hundreåret. Årbok for Sogn, s. 67–85.
- Rinde, Harald. (2005). Norsk telekommunikasjonshistorie. Et telesystem tar form. 1855–1920. Oslo: Gyldendal fakta.
- Runde, Harald Jarl. (2002). Telestasjonar i Luster 1858–. Uprenta notat.
- Seip, Hans. (1958). Sogn og Fjordane fylke. Eit tilskot til kommunalsoga. Leikanger: Sogn og Fjordane fylkeskommune, s. 452–458.
- Dei viktigaste kjeldene ligg på nettstaden til Jostedal historielag.

Gjerde (Jostedal)	
K. 9-13.30, 16.30-19.30, s. 9-10, 17.30-19.	
Jostedalsbreens Turiststasjon Gjerde	
Jostedal (Jostedal)	
K. 9-13.30, 16.30-19.30, s. 9-10, 17.30-19.	
Bakken Anders gårdbr.	3
Bakken Knut T sjåfør	6b
Bruheim Hermund bankkass.	6a
Lensmannen i Jostedal	4
Soknepresten i Jostedal	5
Yttri Nils gardbr.	6c
Sperle (Jostedal)	
K. 9-13.30, 16.30-19.30, s. 9-10, 17.30-19.	
Elvøy Nils gardbr.	10b
Fossøy Handelslag	8
Jostedal Samvirkelag	10a
Sperle Lars gardbr.	7
Stølen L lensm. h. v.	9

Rikstelefonkatalogen i 1950. Abonnentane fekk nummer i mellomkrigstida.